



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/2818-31

22. juni 2021

### Supplerande tildelingsbrev nr. 8 for Statens vegvesen 2021. Ferjesaker etter revisjon av statsbudsjettet

Stortinget har vedtatt følgjande endring i løyvinga over kap. 1320, post 72 Kjøp av riksvegferjetjenester ved revisjon av statsbudsjettet for 2021, jf. Prop. 195 S (2020 – 2021) og Innstill. 600 S (2020 – 2021):

Kap 1320	Statens vegvesen	
post 72	Kjøp av riksvegferjetjenester, kan overførast, aukar med	162 500 000
	frå.....kr 1 573 300 000 til	1 735 800 000

I samsvar med § 7 i Reglement for økonomistyring i staten stiller Samferdselsdepartementet løyvinga på kap. 1320 Statens vegvesen, post 72 Kjøp av riksvegferjetjenester til disposisjon for Statens vegvesen i 2021. Statens vegvesen skal nytta løyvinga i samsvar med styringssignala som er gjevne i Prop. 195 S (2020 – 2021) og Innstill. 600 S (2020 – 2021), jf. nedanfor.

Ved handsaming av same sak vedtok Stortinget følgjande fullmakt:

*"Fullmakt til å pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for kjøp av transporttjenester*

Stortinget samtykker i at Samferdselsdepartementet i 2021 kan forplikte staten for fremtidige budsjettår utover gitt bevilgning inntil følgjande beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme for gamle og nye forpliktelser	Ramme for forpliktelser som forfaller hvert år
1320	72	Statens vegvesen		
		Kjøp av riksveiferjetjenester	14 750 mill. kroner	1 800 mill. kroner"

Samferdselsdepartementet delegerer denne fullmakta til Statens vegvesen.

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 904

Avdeling  
Veg-, by- og  
trafikksikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar  
Dag Namtvedt  
22 24 82 49

Etter ovannemnte revisjon av statsbudsjettet for 2021, jf. Prop. 195 S (2020 – 2021) og Innstill. 600 S (2020 – 2021) vil følgjande gjelda for riksvegferjedrifta:

- Takstane vert reduserte med 25%, gjeldande frå 1. juli 2021.
- Meirverdisats for transport av køyretøy på fartøy er 6% ut september, og etter det 12%.
- Førehandsinnbetaling for å oppnå rabatt, klasse 1 vert redusert frå 3700 kr til 3000 kr frå 1. juli 2021.
- Samla ramme for gamle og nye plikter under kap 1320, post 72 vert heva til 14750 mill. kr for 2021.

Samferdselsdepartementet kjem tilbake i eigne brev om dei andre vedtaka som vart fatta i samband med revisjon av statsbudsjettet 2021.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)  
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt  
underdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*